

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Fagleg årsmelding 2021  
IKA Møre og Romsdal





1.	Føremål og ansvarsområde .....	3
2.	Organisasjon .....	3
2.1	Formelle organ .....	3
2.2	Tilsette .....	4
3.	Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal .....	5
3.1	Eldre og avslutta arkiv .....	5
3.2	Arkivdanning (bevaring og kassasjon, arkivplan) .....	9
3.3	Rettsdokumentasjon .....	9
3.4	Elektroniske arkiv .....	10
3.5	Prosjektarbeid i 2021 .....	11
3.6	Fylkeskommunale tenester .....	13
	Kulturnett Møre og Romsdal .....	13
	FylkesFOTOarkivet .....	14
	Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) .....	16
	Privatarkivarbeid .....	19
3.7	Personvernombod .....	21
4.	Synfaringar, konferansar og anna .....	25
4.1	Synfaringar .....	25
4.2	Kontaktkonferansen 2021 .....	25
4.3	Deltaking på kurs/konferansar .....	25
4.4	Samarbeid .....	26
4.5	Arkheion .....	26
4.6	Nettside .....	26

## 1. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet hadde i 2021 - 28 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemmane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med medlemmane arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemmane, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gi råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemmane.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha egne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gitt til alle medlemmane, eller medlemmane vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemmar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgivnar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

## 2. ORGANISASJON

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. I 2021 vart personvernombodstjenesta sett i ordinær drift. Finansiert gjennom medlemskap i tenesta. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet til desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnadar eller tek ut forteneste av desse.

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem.

### Verneombod

Margrete Mork Müller vart i 2020 valt til nytt verneombod med Åsta Vadset som vara.

### 2.1 Formelle organ

#### Styret:

Styremedlemar	Personlege varamedlemar
Perry Ulvestad, Rauma kommune (leiar)	Martha Beinset, Molde kommune
Eirik Jenssen, Møre og Romsdal fylkeskommune (nestleiar)	Arild Inge Kjersem, Møre og Romsdal fylkeskommune

Kariann Bigseth, Ålesund kommune	Anne Berit Løset, Fjord kommune
Liv-Grete Orvik, Ålesund kommune	Eldar Øye, Ørsta kommune
Synnøve Hunnes, Sykkylven kommune	Evelyn Omenås, Stranda kommune

Styret hadde 7 møte i 2021 og behandla 53 saker. 4 av 7 styremøte vart arrangert digitalt grunna koronapandemien.

### Representantskapsmøte

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Grunna koronapandemien vart representantskapsmøtet 2021 halde digitalt med møteleiinga samla på Vestnes 22. April 2021. 25 av eigarane var representert, som utgjorde 91,7 % av eigardelane.

Årsmelding og rekneskap vart godkjende.

## 2.2 Tilsette

### Fast tilsette i selskapet var i 2021:

Geir Håvard Ellingseter – dagleg leiar (siste dag 08. august)  
 Jesper Sode Hansen – dagleg leiar (frå oktober)  
 Jan Aakvik – nestleiar  
 Torbjørn Aasen – rådgivar el-arkiv  
 Tore Fadnes – rådgivar el-arkiv  
 Vibeke Lunheim – rådgivar arkiv  
 Guro Flø – rådgivar arkiv  
 Torstein Skeide Olsen – rådgivar arkiv  
 Birgitte Fjørtoft – rådgivar arkiv  
 Tove Nypan – rådgivar arkiv  
 Ingunn Vestnes – førstekonsulent arkiv (50 % stilling)  
 Sølvi J. Knudsen – førstekonsulent arkiv og administrasjon  
 Kari Olsen – førstekonsulent ordning (50 % stilling)  
 Joanna Pietruszka – førstekonsulent ordning  
 Egil Wold Hessen – førstekonsulent ordning  
 Zane Aboltina – rådgivar digitisering  
 Annelen Melsåsen – førstekonsulent digitisering  
 Åsta Vadset – rådgivar privatarkiv  
 Ragnar Albertsen – FylkesFOTOarkivar (ut oktober)  
 Anne Tømmervåg – fylkesFOTOarkivar (frå oktober)  
 Ottar André Breivik Anderson – leiar SEDAK/fotograf  
 Karen Vanessa Sundgot Gurskevik – fagansvarleg personvernombodtenesta  
 Margrete Mork Müller – rådgivar personvernombodtenesta

### Mellombels tilsette:

Andri Jónsson – rådgivar arkiv  
 Henrik Syversen – rådgivar personvernombodtenesta  
 Tom Erik Enger – konsulent digitisering  
 Aleksander Solevåg Larsen – ordningsmedarbeidar  
 Lars Blix – førstekonsulent ordning  
 Håkon Wille – ordningsoppdrag/vikar  
 Lucas Knudsen Moi – ordningsoppdrag  
 Arnstein Slinning – transkribering  
 Emil Stokkevåg – ordningsoppdrag  
 Thea Holst Aakvik – ordningsoppdrag  
 Rannveig Strømmen – ekstrahjelp Fylkesfotoarkivet

**Lærling:**

IKAMR er godkjend lærebedrift i fotograffaget. Piotr Cabaj starta hausten 2020 som lærling.

**Sjukefråvær:**

Sjukefråværet var i 2021 på 5,3 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 4,5 % av sjukefråværet er sjukemeldingar og 0,8 % er eigenmeldingar.

**Likestilling:**

Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsettings samanheng.

## Tilsette

### Basistenester




Jesper Vibeke Torstein Birgitte Tove



Torbjørn Tore Ingunn Sølvi Guro

### Fylkeskommunale tenester



Asta Anne Ottar Jan Piotr

### Prosjekt




Kari Egil Aleksander Joanna Lars



Tom-Erik Annelen Zane Andri

### Personvernombod



Karen Margrete Henrik

## 3. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL

### 3.1 Eldre og avslutta arkiv


Bevaring av arkiv er eit ansvar som ligg til alle offentlege organ. Arkivmateriale blir oppbevart for framtida, og har stor verdi for både samfunnet og ein skilde individ. IKAMR fungerer som depot for dei eldre og avslutta arkiva til kommunane i fylket, og eit kontinuerleg arbeid er å sørge for å tilrettelegge arkiva for bruk og betening av dei. Oppgåver knytt til dette er kartlegging, mottak og ordning av arkiv, i tillegg til å gi ei god beskriving av det og registrere det i arkivkatalogen Asta. Publisering av arkiva i Arkivportalen og førespurnader om dei er sentrale oppgåver ut mot publikum.

**Mottak av arkiv**

IKAMR tok imot arkiv 79 gongar i 2021. Totalt vart det deponert 1609,78 hyllemeter fordelt på 39 unike deponentar. Det er ein oppgang på om lag 774 meter frå 2020. Til samanlikning tok vi imot 1085,66 hyllemeter arkiv i 2017, 521,55 meter i 2018, 1317 meter i 2019 og i 2020 tok vi i mot 836,47 meter med arkiv. Som ein kan sjå varierer deponeringsmengdene frå år til år uavhengig av koronapandemi og kommunereform. Den største deponeringa i 2021 kom frå Molde kommune, etterfølgt av Aure kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Deponent	Hyllemeter
A.M. Liaaen	0,15
Arne Birkevold	1
Arnold Goksøy	3,5
Astrid Lillerøvd	Digitalt mottak

Aukra kommune	5,9
Aure kommune	225,7
Averøy kommune	10,6
Eksportvegen AS	6,5
Fjord kommune	38,8
Giske kommune	0,7
Hareid kommune	30,6
Herøy kommune	1,5
Hovden og Mork kvinneforening av Det Norske Misjonsselskap	0,05
Hustadvika kommune	86,3
Høgskulen i Volda	21
Jack Norwall Jacobsen	0,7
Kjell Gjelsten	0,5
Kristiansund kommune	64,6
Kristiansund sanitetsforening	0,02
Molde kommune	345,79
Møre og Romsdal fylkeskommune	149,75
Norsk sjømannsforbund region Midt	12
Norske kvinners Sanitetsforening Møre og Romsdal	26,75
NRK Møre og Romsdal	0,75
Rauma kommune	176,5
Sande kommune	18,5
Skorgeura sanitetslag	0,05
Stranda kommune	28,5
Sula kommune	15,8
Sunndal kommune	1,1
Sunnmøre museum	0,5
Sunnmørsposten	60
Surnadal kommune	136,6
Sykkylven kommune	2,42
Ulstein kommune	51,4
Vanylven kommune	11,5
Volda folkeakademi	1
Volda folkeakademi	1
Volda kommune	72,1
Ålesund og omegn foreldreforening for funksjonshemmede barn	0,6
<b>Totalt</b>	<b>1609,78</b>



### Bestand

Totalt har vi 12 400 hyllemeter arkiv i magasinene våre. Av dette er om lag 8000 meter ordna og katalogisert. I fjor vart det ordna 1081 hyllemeter kommunale arkiv.

### Asta-registrering og tilgjengeleggjing på Arkivportalen

Primæroppgåva for IKAMR er å forvalte og finne att ønska dokumentasjon blant nærare 13 000 hyllemeter arkiv. Å registrere arkiv i arkivkatalogen Asta, slik at vi finn att dokumentasjon, er ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR.

### Tabelloversikt - Registrering i Asta og tilgjengeleggjing på Arkivportalen:

	Mengde per 31.12.2020	Mengde per 31.12.2021	Tilvekst 01.01.2021-31.12.2021
<b>Registrerte arkiv</b>	3977	4764	787
<b>Registrerte seriar</b>	12 455	15 470	3015
<b>Registrerte stykke</b>	71 967	81 361	9394
<b>Registrerte mapper</b>	354 276	409 947	55 671
<b>Publiserte arkiv</b>	1252	2946	1694
<b>Publiserte seriar</b>	3686	12 768	5396

I 2021 har det blitt registrert 787 arkiv, 3015 seriar, 9394 arkivstykke og 55 671 mapper. Årsaka til at mengde registrerte arkiv er høg heng saman med magasinreforma.

Produksjonen i ordningsavdelinga og ute i kommunane har gått kraftig opp etter at vi fekk på plass produksjonsflyt både i ordningsarbeidet og for prosessane i Asta fram til ferdigstilling og publisering. Dette ber statistikkane dei siste åra tydeleg preg av. Tala er derimot ikkje heilt korrekte. For det første blir ikkje personregister registrert på mappenivå i Asta, men i eigne søkbare Excel-skjema. Vidare har vi sletta einskilde arkiv og fått dei ordna og registrert på nytt. Dette gjer at statistikkane ser dårlegare ut enn den eigentlege situasjonen tilseier.

Alle arkiv som blir ordna og registrert i Asta blir ved slutføring publisert på Arkivportalen etter kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering. I 2021 har vi publisert store mengder på Arkivportalen. Heile 1694 nye arkiv og 5396 seriar. Det har ikkje blitt publisert så mykje på Arkivportalen sidan 2012.

## **Magasin**

Alle arkiv som kjem inn blir beskrive, bestandsregistrert og publisert på Arkivportalen, men vi har eit etterslep frå tidlegare. Å få ei oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarer er essensielt for at vi skal finne den dokumentasjonen som er ønska på ein effektiv måte.

I 2018 starta vi med tiltak i magasinane som vi har halde på med sidan. Endringane gir forbetringar i logistikk, ordningsgrad og oversyn på dei eldre arkivbestandane våre. Logistikken i ordningsmagasinet som er knytt til ordningsavdelinga fungerer bra, men det er knapt med plass både i ordningsmagasinet og i dei andre magasinane. Vi har frå 2019 starta med komprimering og grovordning av eldre bestandar. Trass i koronapandemien er vi godt i gang med dette. Spesielt i første halvdel av 2021 har vi fått grovordna og komprimert 22 av våre eldre kommunar frå før 1964, og publisert desse på Arkivportalen.

Depotreforma som starta i 2018, hjelper å fjerne alle luftlommer i magasinane sine reolar, slik at vi best mogleg kan utnytte maksimal kapasitet ved komprimering og ordning.

Det vart kjøpt inn 220 ekstra hyller for å auke magasinkapasiteten i 2021. Desse vil bli brukte der det er behov, og montert også vidare inn i 2022 og 2023.

Det er også gjort innkjøp av materiale som 8 ekstra elefantføter og 2 sjiraffar til magasinane som følge av auka aktivitet og også at noko av noverande utstyr var modent for utskifting.

Auka aktivitet i magasinet har også ført til auka reinhald med hyppigare reingjering frå hausten 2021. Depotreforma sørga òg for at mykje av materiale blir tatt inn og ut av hyllene slik at det også gjer reingjering enklare.

## **Førespurnader**

Til saman er det registrert om lag 4640 journalpostar i 2021. Rundt 2250 av desse er inngåande førespurnader. IKAMR tar imot flest førespurnader direkte frå kommunane. Det gjeld innsyn i for eksempel skulearkiv, fattigstyre, tannhelsearkiv, barnevernsarkiv, personalarkiv frå ulike einingar, formannskapsarkiv, kommunestyrearkiv og tekniske arkiv.

Vi deler opp innsynsførespurnader i fire kategoriar: Arkivfaglege/administrative spørsmål (AA), avleveringslister (AL), Innsyn historisk (IH) og Innsyn personregister (IP). Innanfor desse tala er ikkje førespurnader til SEDAK, Kulturnett, FylkesFOTOarkivet og Personvernombod tatt med.

Oversikt over inngåande førespurnader i 2021:



Kommune	AA	AL	IH	IP	Sum
Aukra	5	2	3	1	11
Aure	1	83	5	0	89
Averøy	1	1	2	9	13
Fjord	3	0	4	0	7
Giske	1	2	8	1	12
Gjemnes	0	0	2	2	4
Hareid	0	2	9	1	12
Herøy	3	7	12	12	34
Hustadvika	2	21	3	14	40
Kristiansund	1	3	7	26	37
Molde	2	1	4	14	21
MRFK	6	2	3	77	88
Rauma	1	0	3	4	8
Rindal	0	0	1	3	4
Sande	1	4	6	1	12
Smøla	2	0	2	0	4
Stranda	1	3	10	4	18
Sula	1	1	1	2	5
Sunnadal	1	2	4	8	15
Surnadal	2	0	0	2	4
Sykkylven	4	3	3	1	11
Tingvoll	1	0	1	6	8
Ulstein	2	1	1	9	13
Vanylven	0	1	2	0	3
Vestnes	0	0	7	8	15
Volda	1	29	5	5	40
Ørsta	5	5	1	2	13
Ålesund	3	2	75	39	119
<b>Saker</b>	<b>50</b>	<b>175</b>	<b>184</b>	<b>251</b>	<b>660</b>

Lesesalen er registrert nytta 46 gongar i 2021, og 315 arkivstykke er brukt på desse besøka.

### 3.2 Arkivdanning (bevaring og kassasjon, arkivplan)

Kommunane har tatt kontakt og fått råd og rettleiing ved behov innanfor arkivdanning, arkivplan og bevaring og kassasjon. Det har ikkje blitt halde egne kurs i arkivplan.

Ein rådgivar er med i *KAI fagforum for arkivdanning* som starta opp juni 2021. Dette er med på å styrke IKAMR innanfor arkivdanning.

Det har blitt jobba med å få på plass skriftlege rutinar som vil inngå i ein arkivplan.

### 3.3 Rettsdokumentasjon

I 2021 hadde IKAMR ca. 3160 hyllemeter personregister i depotet. 467 av desse vart mottatt i 2021. I 2020 hadde vi 2690 hyllemeter, der 60 meter var mottatt dette året. IKAMR har tatt imot om lag 8 gongar meir i 2021 enn i 2020.

Deponeringane består hovudsakleg av seriar som er rydda og ordna av kommunane, men i 2021 har det òg blitt tatt inn materiale på ordningsprosjekt. Eitt av desse er barnevernsarkivet til Kristiansund, Averøy og Gjemnes, som utgjer ca. 85 hyllemeter. Med stor auke i deponert materiale vil det truleg følge med fleire innsynsførespurnader frå kommunane. I 2021 var det 251 innsynsførespurnader i personregister, noko som er ein auke frå 2020 og er det høgaste talet sidan 2018:

År	Mengde førespurnader:
2016	200
2017	243
2018	266
2019	238
2020	192
2021	251

Arbeidsmengda knytt til førespurnadene varierer frå enkel mappekopiering til innsyn som krev leiting i andre arkiv. Effektiviteten i sistnemnde avheng av kommunikasjon med kommunen, og tilstrekkeleg informasjon om innsynskrevjaren. Dei siste åra har det vore ein auke i krevjande innsynssaker, der personar gjerne ønsker å vite alt om seg sjølv. Dette fører til at saksbehandlinga vert utfordrande og behandlingstida lengre.

I tillegg til innsynsarbeidet har vi i 2021 jobba med å forbetre innsynsløysingane for personregister. IKAMR har stort etterslep med å legge inn personregister i Asta. Arbeidet er krevjande og målet for 2021 med å få inn eit utval av kommunane vart ikkje nådd. Vi jobbar òg med å knyte papirarkivet opp mot deponerte fagsystem, noko som vert viktig med tanke på innsynsførespurnader. 2021 hadde òg ein auke i ønske om å avlevere personregister yngre enn 10 år. Denne problemstillinga har vorte drøfta i fleire runder gjennom året.

I 2021 har vi òg arbeidd med å få rettmessig tilgang til folkeregisteret, men sidan IKAMR er eit interkommunalt selskap kan vi ikkje få dette. Den einaste moglegheita er at ein av eigarkommunane gir oss tilgang gjennom sin brukar. Tilgang til folkeregisteret vil lette arbeidet med innsynsførespurnadar og vil bidra til å styrke innbyggjarrettane. Samtidig vil tilgangen forenkle arbeidskvardagen då personsensitiv dokumentasjon kan sendast via SvarUt.

### 3.4 Elektroniske arkiv

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) med sine medlemsinstitusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og hos Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handsaming av dei ulike systema som skal bli bevarte og formidla.

Prosessar og rutinar og produksjonslinja for bevaring av elektroniske arkiv:

- IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
  - IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
- I) Mottak av Innleveringspakke SIP, deponering frå kommune/fylkeskommune
  - II) Lage Arkivpakke AIP av innlevert/deponert Innleveringspakke SIP
  - III) Laste opp Arkivpakke AIP i KDRS sitt depotforvaltningssystem i Trondheim
  - IV) Lage Formidlingspakke DIP av Innleveringspakke SIP/Arkivpakke AIP

Resultat i 2021 for bevaring av digitalt skapt arkivmateriale for alle 27 kommunar samt fylkeskommunen:

- Bevart 18 system på 169 GB i IKAMR depotforvaltningssystem
- Totalt bevart 25 system på 247 GB i IKAMR depotforvaltningssystem
- Godkjent 38 system (0 fagsystem og 38 Noark 5-uttrekk)
- Totalt godkjent 99 system (40 fagsystem og 59 Noark 5-uttrekk)

- Deponert 107 system på 1.8 TB (65 fagsystem og 42 Noark 5-uttrekk)
- Totalt deponert 325 system på 2.7 TB (259 fagsystem og 66 Noark 5-uttrekk)
- Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT-regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og Ålesund kommune IT) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering

Bevaring til IKAMR depotforvaltningssystem er produksjon slik at godkjende uttrekk kan lastast opp fortløpande.

Kommunereform og endring i og bytte av sak/-arkivsystem for kommunane gav som forventa ei stor mengde deponerte uttrekk levert inn til IKAMR Depot. Innleveringane er fordelte på Noark 5-uttrekk frå saksarkiv arkivdelar i produksjon og SIARD databaseuttrekk frå gamle avslutta fagsystem.

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS *Utforming av felles prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale*
  - KDRS *Produksjonslinje - Bevaring og formidling av elektroniske arkiv*
  - KDRS *Produksjonslinje – Malsett for ordning av gamle Noark- og fagsystem*
- Bruk av Documaster Decom for å lage og bruke malsett for arkivsystem, med støtte frå Riksarkivarens arkivutviklingsmidler og Mavod II-prosjektet frå Arkivverket
- KDRS *Produksjonslinje – Formidling av gamle Noark- og fagsystem*
- Frå SIARD-uttrekk produsert av KDRS Produksjonslinje*

### 3.5 Prosjektarbeid i 2021

I samsvar med Selskapsavtalen §4 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgivar.

Ordningsmedarbeidarane har gjennomført Asta – basiskurs som eit ledd i kompetansehevinga.

I 2021 har IKAMR vore involvert i følgjande prosjekt:

Objekt-kode	For kven og kva	Status	
2031	Vestnes kommune sak- og skulearkiv	Ferdig	
2035	Giske - skulearkiv	Ferdig	
2038	Modark	Ferdig	
2044	Stranda - ordning av arkiv	Ferdig	
2055	Vestnes vgs	Ferdig	
2059	Fræna og Aukra vgs	Ferdig	
2079	Sula - Vågen legekantor	Ferdig	
1010	Ørsta - pasientarkiv	Mottatt	
1020	Raumaarkivet	Mottatt	
1021	Kristiansund - barnevern	Mottatt	
1023	Ulstein - ordning sentrale organ	Mottatt	
1025	Ørsta vgs	Mottatt	
1031	Sula - personalarkiv	Mottatt	
2002	Sandøy - ordning av arkiv + digitisering av arkiv	Påbegynt	
1000	Averøy - prosjekt 2 - ordning	Påbegynt	
1002	Rauma - del 2. Ordning og digitisering	Påbegynt	
1005	Norrdal - elverk	Påbegynt	

1006	Sunndal - ordning av arkivmateriale	Påbegynt	
1007	Kristiansund - ordning av skolearkiv	Påbegynt	
1012	Tafjord Kraft	Påbegynt	
1013	Moldearkivet - ordning	Påbegynt	
1014	SUROFI - ordning	Påbegynt	
1022	Surnadal	Påbegynt	
1027	Fylket - etikettering av tannjournalar	Påbegynt	
1028	Fjordarkivet	Signert	
1032	Smølaarkivet	Signert	

I 2021 vart det signert nye avtalar om ordningsoppdrag med:

- Kristiansund - barnevernstenesta for Kristiansund, Averøy og Gjemnes
- Rauma kommune
- Surnadal kommune
- Fjord kommune (Norrdal og Stordal kommune)
- Sula kommune - personalarkiv helsesektoren
- Smøla kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune - Ørsta vgs
- Ulstein kommune - sentrale organ
- Møre og Romsdal fylkeskommune – etikettering av tannhelsejournalar

Desse prosjekta vart avslutta i 2021:

- Stranda kommune - ordning av arkiv
- Vestnes kommune - sak- og skulearkiv
- Møre og Romsdal fylkeskommune - Aukra vgs og Fræna vgs
- Møre og Romsdal fylkeskommune - Vestnes vgs
- Sula kommune - Vågen legekantor
- Giske kommune - skulearkiv
- Modark (IT-arkivarane)



Nedpakking Surnadal kommune oktober 2021. Foto: Surnadal kommune

### 3.6 Fylkeskommunale tenester

Fire fylkeskommunale oppgåver/tenester er lagt til IKA og dekker eit spekter av viktige regionale oppgåver for bevaring, tilrettelegging og tilgjengeleggjering av kulturelt materiale frå Møre og Romsdal. Tenestene er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune.

#### Kulturnett Møre og Romsdal

Frå 26. juni vart leiar av Kulturnett konstituert leiar av IKAMR fram til ny dagleg leiar var på plass 1. oktober 2021.

#### Mål frå handlingsplan 2021

- Satsinga på å laste opp digitalisert materiale til Digitalarkivet kom i gang og vi starta med prosjektet: Sanitetskvinnene i Møre og Romsdal.
- Ny nettside for IKAMR med integrering av tenester frå dei fylkeskommunale tenestene er ferdig.
- Berging av lydfiler starta opp og ein er halvvegs i arbeidet.
- Avtale om digitisering av 200000 bilde frå SEFRAK-arkivet vart underskriven og bilda vart pakka og sende til Nasjonalbiblioteket.
- Stadnamnarkivet frå Høgskulen i Volda og Stadnamnarkivet frå Kartverket er pakka og listeføret. Asta-føring står att.
- Deltatt i Rådgivende Utval for Kulturarvsdigitalisering og i Samarbeidsrådet hos Arkivverket. Trass i koronapandemien har ein klart å gjennomføre planlagde møte.

#### Aktivitet

I 2021 har Kulturnett hatt ansvar for å følge opp:


- Lage oversikt over digitisert materiale hos IKAMR.
- Bidratt til å få på plass avtale for bedriftshelseteneste – Medi3
- Bidratt prosjektet Forstudie lokale. Møte med BYE og konsultentselskapet OPAK.
- Bidratt inn i å få på plass GAT –stemplingsystem.
- Forslag til drift av fylkeskommunale tenester lagt til IKAMR – vart framlagt for Kulturdirektøren og godkjent.
- Leverte innspel til fylkeskommunen med årsplan og budsjett for alle 4 fylkeskommunale tenester.
- Leverte søknad om auke i driftsmidlar, frå 2022, innan frist 1. april.
- Dialogmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Gjennomført møte om årsplan 2022 for SEDAK, Fylkesfotoarkivet og Privatarkiv
- Statusmøte for dei fylkeskommunale tenestene samt rapporteringar til styremøte.
- Styremøte for IKAMR og eigarmøte
- Møte i samarbeidsrådet i Digitalarkivet; innsiktsarbeid, brukarbehov, mål/målgrupper, foto/film/tale.
- Besøk frå NyNorsk Kultursentrum.
- Befaring HiVolda – stadnamnarkiv

#### Konferanse, samlingar og kurs

- Leiarkurs Samfunnsbedriftene
- Arkivkonferanse Trondheim
- ABM-konferanse Vestnes

#### Økonomi

Kulturnett hadde eit mindreforbruk 2021 som følge av at leiar var konstituert dagleg leiar for ein periode.



Digitisert stadnamnkart frå Fivelstad i Stranda kommune. Foto: Piotr Cabaj / SEDAK

## FylkesFOTOarkivet

2021 var som året før, sterkt prega av pandemi. Året var òg prega av at fotoarkivar Ragnar Albertsen, som har leidd Fylkesfotoarkivet gjennom dei siste 25 åra sidan oppstarten i 1996, skulle gå av med pensjon 1. november. Delar av tida har vore brukt til opprydding og status fram mot avslutning. Avtroppande og påtroppande fotoarkivar hadde ein måned med overlapping i oktober.

### Fagleg arbeid

Fylkesfotoarkivet har vorte kontakta av fleire fotografar for hjelp og råd til bevaring av digitalt skapt materiale og nettsider som inneheld mellom anna VR-framstillingar av foto og 360 graders bildefiler. IKAMR har ikkje løysing for bevaring av nettsider, men viser her til Nasjonalbiblioteket sine løysingar for bevaring av nettsider.

- Digitisering og registrering av foto frå Fylkesfotoarkivets eigne svart-kvitt fotografarkiv, er også i år i stor grad utført av dugnadsarbeid og ekstrahjelp. Omtrent 10.000 negativ er avfotograferte og starta etterarbeidet på. I hovudsak er dette bilde frå Lystad-arkivet og Fylling-arkivet.
- Fylkesfotoarkivet har eit vidt samarbeid med sogelag og frivillige, både med digitisering av arkiv og registrering av bilde. Fleire frivillige rundt om i fylket har fått opplæring i og tilgang til registrering av bilde i Fylkesfotoarkivets nettfotobase og gjer årleg ein viktig jobb der.
- I september vart SEFRAK-materiale frå kulturavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, på ca. 250.000 fotonegativ av gamle bygningar, pakka om, merka og sendt til Nasjonalbiblioteket, avdeling Rana, for digitisering/digital sikring og deponering. Etter digitisering, vil Fylkesfotoarkivet/Kulturavdelinga vederlagsfritt få digitale filer for materialet.

**«DIS-gjengen»**

Kvar tysdag kveld samlar eit utval frivillige seg til dugnad i lokala til IKA i Kirkegata 10. Dei gjer der ein svært viktig innsats for fotobevaringa i fylket, i hovudsak gjennom ordning av arkiv, digital avskrivning av fotografprotokollar, avfotografering av negativ, registrering av foto i nettfotobasen og oppdatering av informasjon på foto frå brukarkommentarar i nettfotobasen. På grunn av pandemi, vart dugnaden store delar av vinteren/våren og hausten 2021 avlyst.

**Nettfotobasen og formidling**

- Arbeid med nettfotobasen til Fylkesfotoarkivet. Her kan nemnast opplasting av nye bilde, registrering av bilde, og dessutan dagleg kontroll og klarering av mottatte brukarkommentarar.
- Mot slutten av året kunne nettfotobasen vise til over 230.000 bilde. Det vil seie ein tilvekst på 75.000 foto i 2021. Det stadig aukande talet på foto i nettfotobasen krev mykje oppfølging.
- Nettfotobasen blir mykje brukt og den skaper stort og aukande engasjement blant brukarar som ønsker å bidra til informasjon på bilda.
- 1766 nye brukarkommentarar med informasjon om bilda frå ivrige hjelparar rundt om i landet.
- 50 bestillingsordrar gjennom nettbasen. Dette kom i tillegg til bestillingar gjennom e-post.

**Fotoarkiv og magasinkapasitet**

- 13 arkiv/samlingar, med til saman omtrent 31.000 foto. Det meste av fotomaterialet som vart tatt inn, tilhøyrrer arkivet etter fotograf Ingolf Molvær.
- Også i 2021 vart Fylkesfotoarkivet spurt om å overta/sikre nyare fotoarkiv med fargemateriale frå den siste analoge perioden frå ca. 1975 til 2005. Fotografarkiv frå denne perioden utgjer ofte store mengder fotomateriale der mykje enno ikkje kan formidlast på grunn av personvern og der bestilling av foto krev meir ressursbruk. Materiale frå denne perioden finst det enno mykje av i privat eige rundt om i fylket og Fylkesfotoarkivet må rekne med å bli kontakta om å overta/sikre fleire fotografarkiv frå denne perioden i næraste framtid.

Ved overtaking av arkiv er det ein god del arbeid med sortering, organisering, ompakking, registrering og merking av det fysiske materialet, før det blir lagra i klimaregulert fotomagasin. Det blir jamleg gjort arbeid med restansar på allereie mottatte fotoarkiv/samlingar i fotomagasinet. Klimaregulert fotomagasin er ved slutten av 2021 relativt fullt og resterande plass blir berekna til dei fotografarkiva som Fylkesfotoarkivet allereie har gjort avtale om å overta. Fylkesfotoarkivet har som nødløysing fått disponere nokre fag i IKA sine magasin i Kirkegata 10, der klima ikkje er tilpassa langtidslagring av foto.

**Konferanse, samlingar og kurs**

- Nasjonal fotobevaringskonferansen og haustmøtet i det nasjonale nettverket for fotobevaring, som begge vart arrangert på Preus Fotomuseum i Horten. Her møttest representantar for institusjonar frå heile landet som har fotobevaring som ansvarsområde, til temabaserte diskusjonar, og dessutan deling av erfaring og kunnskap.
- ABM-konferanse på Vestnes.

**Utstyr og økonomi**

- Det vart ved slutten av året investert i ny arbeidsstasjon med tilhøyrande utstyr.
- Tilskot på 15.000 frå Sula kommune til å jobbe vidare med fotoarkivet til Sula-fotografen Knut Fylling.
- Støtte til å arbeide med Mulvik-arkivet, både frå Hydro/Sunndal verk kr 5000 og frå Sunndal kommune 25.000.
- Betalt oppdrag for Tafjord Kraft gav òg noko inntening.

## Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK)

Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) vart fast etablert 1. januar 2013, finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune. SEDAK er organisatorisk knytt til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR), og lokalisert saman med IKAMR, Kulturnett og FylkesFOTOarkivet.

### Hovudoppgåver

- Digitisering av kulturarv for arkiv, bibliotek og museum (ABM), kulturvernsektoren og private aktørar
- Fagleg rettleiing til ABM- og kulturvernsektoren
- Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk for å oppnå beste praksis innan digitisering



Fylkeskulturdirektør Heidi-Iren Wedlog Olsen ønsker velkomen til ABM-konferansen 2021  
Foto: Piotr Cabaj / SEDAK

### Satsingar i 2021

- Bidragsytar til regional konferanse for ABM- og kulturvernsektoren i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune ved seksjon for arkiv, bibliotek og museum og Norsk Bibliotekforening (NBF). Deltaking i programkomité og fagleg innlegg ved konferansen arrangert på Vestnes.
- Søknad på Kulturrådets utviklingsprogram for museum 2021-2023, «Digitalisering - mangfold, dialog og samarbeid» i samarbeid med VITI – Musea på Sunnmøre. Søknaden var ei direkte oppfølging av pilotprosjektet som vart gjennomført saman med VITI - Musea på Sunnmøre sommaren 2020.
- Søknad på EØS-midlar for Bulgaria / Kulturrådets program om digitalisering av kulturarvsobjekt: "CULTURAL HERITAGE OBJECTS MADE DIGITALLY ACCESSIBLE". SEDAK søkte som prosjektpartner saman med prosjekteigar Sofia Municipality, Bulgaria.
- Fotograflæring - Opplæring blir gitt etter læreplan og består både av praktisk og teoretisk opplæring. Fotograffaget har ei stor breidde, men dei fleste fagområda blir dekte gjennom dei



daglege oppgåvene ved SEDAK. Dei som er utanfor blir gjennomført som planlagde prosjekt saman med fagleg leiar.

- Gjennomføring av utviklingsprosjekt støtta gjennom Arkivverkets utviklingsmidlar “Analyse av kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet”. Samarbeid med NTNU i Gjøvik og Institusjonsfotografene (IFF).

### Oppdrag digitisering arkiv

Mengde digitisert materiale ved bruk av skannar: 200 000 stykk

Mengde digitisert materiale ved bruk av kamerabasert digitisering: 34 000 stykk

- Hareid kommune – digitisering og publisering i system av vegarkiv, byggefelt, vassverk og byggesaksarkiv
- Vanylven – digitisering og publisering i system av byggesaksarkiv og landbruk
- Ålesund kommune – digitisering og publisering i system av byggesaksarkiv
- Skodje kommune – digitisering og publisering i system av byggesaksarkiv
- Herøy kommune – digitisering og publisering i system av landbruk- og viltarkiv
- IKAMR – digitisering og publisering i system av ulike typar arkivmateriale
- KULTURNETT – digitisering av stadnamn-kart
- Privatarkivordninga – digitisering av Senterungdommen i Møre og Romsdal, meieriarkiv frå Sunndal, Norske Kvinners Sanitetsforening (prosjekt støtta av utviklingsmidlane frå Arkivverket), dagbøker etter Astrid Lillerøvde frå livet på Runde fyr, Molde og Øre Fattigkommisjon
- Magnar Grøndal – digitisering og publisering av notearkiv
- Først-arkivet, digitisering av arkiv, initiert av ph.d Marianne Reusch ved Universitetet i Oslo (UiO) i samråd med arkiveigar VITI - Jugendstilsenteret.
- Skodje Sogelag – digitisering av privatarkiv
- Romsdalsmuseet – digitisering av Gunni Overås dagbøker



Digitisering av byggesaksarkiv ved bruk av “flatbed” skannar for skånsam behandling av originalar.  
Foto: Ottar A.B Anderson / SEDAK

## Interne og eksterne aktiviteter

- Installasjon, oppdateringar og vedlikehold av produksjonsutstyr på 10 ulike arbeidsstasjonar i samarbeid med eksterne leverandørar
- Utarbeide søknad til Arkivverkets arkivutviklingsmidlar – «Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet». Hovudprosjekt etter forprosjekt "Analyse av behovet for kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet".
- Fotografering av nye tilsette i studio og reportasjefotografering ved synfaring og spesielle hendingar, utført av fotograflærling
- Fagleg rettleiing av tilsette
- Deltaking i Forskerforbundets (FF) kurs og lokale lønnsforhandlingar
- Styrearbeid i Institusjonsfotografene (IFF)

## Kompetanseheving

SEDAK har også i år grunna koronapandemien gjennomført dei fleste kurs, seminar og webinar digitalt.

Ei kontinuerleg vidareutvikling av fagkompetansen er avgjerande for å tilfredsstille dei komplekse arbeidsoppgåvene.



Digital gjennomføring av kurs, PRIMUSWEB frå KulturIT.  
F.v. Ottar A.B Anderson og Piotr Cabaj.  
Foto: Piotr Cabaj / SEDAK

## Konferanse, samlingar og kurs

- KAI-konferanse, Trondheim
- Fagleg innlegg ved Nordic Light Fotofestival, Kristiansund for Institusjonsfotografenes Forening (IFF) "Kvalitetssikring av digitisering"
- Fagleg innlegg ved NKF-N Bok papir og foto-konservering faggruppe, Nasjonalmuseet, Oslo
- UiO-konferanse online "Beyond 3D digitization"
- Rijksmuseum (Amsterdam), samarbeid med Association for Historical and Fine Art Photography (AHFAP) - online konferanse "2and3D Photography"
- Representant for Noreg gjennom Standard Norge i ISO/TC 42/JWG 26 Internasjonale standardisering organisasjonen (ISO) tekniske komité (TC) for fotografi (42), samansett arbeidsgruppe for kvalitetssikring av digitisering av arkiv (JWG 26)

- Planlegging av workshop saman med Cultural Heritage Analysis for New Generations (CHANGE) ved NTNU i Gjøvik, The Norwegian Colour and Visual Computing Laboratory Department of Computer Science

## Synfaringar

- Rauma kommune
- Fjord kommune



Zane Aboltina på besøk til Rauma kommune for nedpakking av arkiv for ordning og digitisering.

Foto: Torstein Skeide Olsen / IKAMR

## Ressursar

Prosjekta vert utført av tilsette og prosjekttilsette ved IKAMR. SEDAK har fotografi­lærling, noko som har vore planlagt over lang tid.

## Privatarkivarbeid

IKAMR er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. 16 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er med i privatarkivordninga. Dette inneber at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdige arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemdar mot ein kontingent på kr 1,63 per innbyggjar (2021).

Privatarkivarbeidet har delvis vore prega av situasjonen med koronapandemien i 2021. Følgande er likevel utført:

- Rolla som fylkeskoordinerande ledd: samhandlingsplanen for privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal (utabeidd i 2020), der regionmusea er samarbeidspartnarar, vert nytta i privatarkivarbeidet i fylket. Det har ikkje blitt tid til å jobbe med å inkludere historielaga og lokalarkiv i privatarkivnettverket i Møre og Romsdal, og då heller ikkje i samhandlingsplanen.
- Privatarkivrådgivar deltar på alle møte i det nasjonale privatarkivnettverket.
- Rekruttering av nye deltakarar i privatarkivordninga:

- Arkivet etter SUROFI (Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag) vart ordna ved IKAMR i 2021 er deponert her framover.
- Stortingsmannsarkivet frå Høgskulen i Volda er tatt inn og deponert.
- Sunnmørsposten har deponert redaksjonen si samling av innbundne aviser.
- Fleire hyllemeter i samlinga til Arbeiderbevegelsens Arkiv i Møre og Romsdal, blant anna frå Norsk Sjømannsforbund region Midt.
- Møte med Ørsta kommune og sendt informasjon om privatarkivordninga til Aure kommune.
- Vore ute i lokalavisa, i lag med arkivleiar og leiar i sogelaget, og etterlyst private arkiv frå Ulstein kommune.



Lærarstudentar på masterutdanninga i samfunnsfag ved Høgskulen i Volda studerer arkivmateriale. Foto: Åsta Vadset / IKAMR

- Prosjekt med støtte frå Arkivverket:
  - I 2021 fekk IKAMR tildelt kr 400.000 i arkivutviklingsmidlar til innsamling, ordning, registrering og digitisering av arkiva etter Tingvoll ullvarefabrikk.
  - I 2020 fekk vi kr 200.000 til revidering av bevaringsplan for private arkiv, eit arbeid som skal skje i samarbeid med dei andre større privatarkivaktørane i fylket. Det har ikkje vore ressursar til å starte på dette arbeidet i 2021.
  - I 2018 løyvde Arkivverket også kr 350.000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal, i samarbeid mellom IKAMR og Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette arbeidet vart starta opp i 2020, men er sett på vent til 2024 grunna situasjonen idrettslaga har kome i under koronapandemien.
  - I 2020 fekk IKAMR tildelt 322.000 frå Arkivverket til ordning, registrering og digitisering av arkiva etter sanitetsforeiningane i Møre og Romsdal. Dette prosjektet har det vore arbeidd mykje med i 2021.
- IKAMR i samarbeid med Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal, fekk tildelt kr 40.000 til ordning og registrering av samlinga til sistnemnde.
- Identifisering, ompakking, registrering og publisering til Arkivportalen av privatarkivbestanden ved IKAMR går for seg kontinuerleg. Norddal kommune og Sandøy kommune sine private arkiv er stykkregistrerte og ligg på Arkivportalen. Det same gjer arkivet etter Surofi, og første del av samlinga til Arbeiderbevegelsens Arkiv i Møre og Romsdal.
- Det er rydda i registreringar av private arkiv i arkivkatalogen Asta.

## Formidling

- I 2021 samarbeidde IKAMR med lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda, om kjeldestudier og kontekstualisering. Samarbeidet vil fortsette i 2022.
- Artikkel i fagtidsskriftet Arkheion sitt nummer om rettsdokumentasjon: Om oppreisingsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal (1 – 2021).
- Slektshistorisk artikkel for Slekt og data (4. april).
- To foredrag for Slekt og data, avd. Ålesund (22. mars) og avd Molde (6. mai).
- Aktivt ute i lokalavisene for å synleggjere verdien av privatarkiva: ved deponering av arkivet etter tarefabrikken i Goksøyra (Vestlandsnytt, 16. mai), i høve innsamling av private arkiv frå Ulstein kommune (Vikebladet, 13. oktober), i artikkel om dagbøkene frå Runde fyr (Vestlandsnytt, 21. desember).
- Privatarkivrådgivar har også vore på NRK lokalt: nett, radio og TV angående sanitetsarkivprosjektet (midten av mai).

## Jaktar etter unik kvinnehistorie

Det blir leitt i gamle kommodeskuffer og arkivskap i jakta på gløymd kvinnehistorie. No skal innsats frå oldemors tid fram i lyset.



Åsta Vadset seier adrenalinet stig i kroppen kvar gong ho opnar ei gamal bok full av notat om aktiviteten kvinner i sanitetslaga har stått for. – Det er ikkje lite!  
FOTO: ØYVIND BERGE SÆBJØRNSEN / NRK



Sissel Beate Brunstad  
@SisselBrunstad  
Journalist

Vi rapporterer frå Kristiansund, Aure og Ålesund

Publisert 18. mai 2021 kl. 07:56

Skjermdump frå NRK 18. mai 2021.

## Konferanse, samlingar og kurs

- Privatarkivkonferansen i Oslo, 8. og 9. november.
- ABM-konferanse på Vestnes, 22. og 23. november
- 5 møte i det nasjonale privatarkivnettverket for fylkeskoordinerande ledd (11. februar, 23. mars, 14. april, 20. mai, 23. september).
- Workshop om fylkesstrategi for kultur – ABM-avd. 12. mars

## 3.7 Personvernombod

### Generelt

Sidan 01.01.2021 har tenesta personvernombod gått frå å vere eit prosjekt til å bli fast drift. Alle prosjektdeltakarar ønska å fortsette å kjøpe tenesta personvernombod frå IKAMR. Frå februar slutta ytterlegare ein kommune seg til tenesta, og sidan har fleire av eigarane av IKAMR som ikkje kjøper tenesta vist si interesse for å kjøpe tenesta personvernombod i framtida, 2 av eigarane allereie frå 2022.

Det har vore ei stor mengde førespurnader knytt til rådgiving, og det er innanfor rådgiving personvernomboda i hovudsak har lagt ned sitt arbeid.

Også i 2021 er det stor ulikskap i status på arbeidet med personvern hos deltakarane våre. Fleire av deltakarane har klare målsettingar med god måloppnåing, medan andre igjen i liten grad har målsettingar. I 2021 har utfordringar knytt til forventningsavklaringar mot enkelte deltakarar forsterka seg, og det er ei gjentakande utfordring for personvernomboda at deltakarane sine tilsette ber om juridisk rådgiving på andre rettsfelt enn personvern. Desse utfordringane har avdekt eit kommunalt vakuum som mogleggjer vidareutvikling av den framtidige drifta.

### Oppdragsgivarar i 2021

Møre og Romsdal fylkeskommune	Tingvoll kommune
Aukra kommune	Sunddal kommune
Molde kommune	Surnadal kommune
Rauma kommune	Rindal kommune
Vestnes kommune	Smøla kommune
Stranda kommune	Aure kommune
Sykkylven kommune	Hustadvika kommune
Fjord kommune	Kristiansund kommune
Ålesund kommune	Averøy kommune
Giske kommune	Gjemnes kommune
Hareid kommune	

### Personvernomboda og arbeidsdeling

Tenesta personvernombod hadde to tilsette til og med tredje kvartal 2021, Henrik Leknes Syversen og Margrete Mork Müller. Kommunane og fylkeskommunen var i 2021 formelt likedelt mellom dei tilsette, der geografisk plassering var tatt omsyn til i fordelinga. Margrete Mork Müller fungerte i tillegg som vikarierende fagansvarleg, medan Henrik Leknes Syversen fungerte som personvernombod internt hos IKAMR. Per 20. september 2021 var det tre tilsette i tenesta; to ombod på fast basis og eitt mellombels. Tilsette i tenesta er i dag Karen Vanessa Sundgot Gurskevik, som fungerer som fagansvarleg, og Margrete Mork Müller. Henrik Leknes Syversen har i dag mellombels kontrakt.

I 2021 eksisterte det ei lite formalisert og lite konkretisert rolle som personvernombod og rådgivar internt ved IKAMR. Ivaretaking av desse rollene har vore noko glidande mellom dei til ei kvar tid tilsette personvernomboda. I januar 2022 vart ansvar og oppgåver knytt til ovannemnde roller fordelt og det er venta ei konkretisering og formalisering av rolle- og tidsomfang.

### Strategiplan 2021

Personvernomboda utarbeidde ein strategiplan for 2021. Denne vart sendt til oppdragsgivarane 19.01.2021. Dei overordna måla i strategiplanen for 2021 var;

- Auka fokus på etterlevingskontrollar
- Auka fokus på risikoar knytt til behandlingsaktivitetane

På bakgrunn av desse to overordna måla, vart det laga ein handlingsplan for 2021.

Handlingsplan for 2021 inneheldt informasjon om planlagde leveransar frå personvernomboda og oppdragsgivarane. Ut over det som følger av handlingsplanen, vart oppdragsgivarane oppfordra til å involvere personvernomboda i oppdragsgivarane sitt personvernarbeid og i enkeltsaker. Juridisk rådgiving utgjorde ein stor del av arbeidet til personvernomboda i lag med andre oppgåver som

inntreffe. Handlingsplanen var derfor eit relativt fleksibelt utgangspunkt for både personvernombodet og oppdragsgivarane.

## Revisjon av kommunane

Ei av hovudoppgåvene til personvernomboda er å kontrollere om kommunane oppfyller sine plikter etter personvernregelverket. For å kunne gjennomføre slik kontroll på ein god og systematisk måte, vart det laga ein revisjonsprosedyre for 2021 som skulle nyttast for all formell kontroll.

Kontrollane vart averterte som eit hjelpetiltak overfor deltakarane. Mottakinga av disse hjelpetiltaka er god, derimot er gjennomføringsgraden lav.

I 2020 var kartlegging og protokollføring av behandlingsaktivitetar og revisjon av desse på agendaen. Dette er eit stort og omfattande arbeid, som danna grunnlaget for mykje av det andre personvernarbeidet.

I 2021 var det ønskeleg å redusere arbeidsmengda dei planlagde leveransane i strategiplanen innebar for kommunane noko samanlikna med fjoråret, og i staden for velge fleire mindre tema for revisjon og færre rapporteringar.

Kommunane skulle i 2021 gjennomføre leiinga sin gjennomgang, ha revisjonar på slutten av kvart kvartal og rapportere skriftleg til personvernombodet i form av ein årsrapport i desember, samt gjennomføre regelmessige statusmøte med personvernombodet; minst ein gong i halvåret.

Første kvartal skulle kommunen gjennomføre leiinga sin gjennomgang for å oppsummere arbeidet med personvern føregåande kalenderår, kartlegge kva risiko- og sårbarheitsvurderingar som var gjorde, samt levere nødvendig dokumentasjon til personvernombodet for gjennomføring av revisjon av kommunen sine samtykkeskjema og personvernerklæringar, inklusiv alle måtar kommunen informerer dei registrerte om behandling av deira sine personopplysningar og innhenting av samtykke til dette. Kommunen fekk tilbod om å få malar på førespurnad.

Andre kvartal skulle kommunen sende personvernombodet ei oversikt over kva databehandlaravtalar kommunen hadde inngått, og personvernombodet kunne gjennomføre ein revisjon av eit utval av desse. Kommunen fekk tilsendt mal for databehandlaravtale utforma av personvernomboda med utgangspunkt i malen til det danske datatilsynet, og ei sjekkliste for gjennomgang av databehandlaravtalar, gitt form av personvernomboda på bakgrunn av krava i personvernforordningen.

I tredje kvartal var det overordna styringsdokument og rutinar for personvern som skulle reviderast.

## Intern revisjon

Med omsyn til signal om sannsynleg utviding av talet på oppdragsgivarar i tenesta, vart arbeidet med å revidere tenesteavtalen og personvernomboda sitt mandat starta opp hausten 2021. Forutan oppdateringar knytt til utviding av fleire deltakarar i hovudavtalen med vedlegg, er det vedtatt ein ny betalingsmodell for å kome i møte auka personell-kostnadar som følge av behovet for auka personell-ressursar. Mandatet må reviderast til å stå seg betre over tid, samt tydeleggjere og avgrense personvernomboda si rolle og oppgåver.

Personvernomboda starta òg opp arbeid med å revidere generelle arbeidsrutinar i 2021. Dette arbeidet held fram i 2022.

## Rapportering

Personvernomboda gjekk i 2021 bort ifrå praksisen med at deltakarane rapporterer til personvernomboda 2 gongar i året. Dette vart endra til rapporteringshyppigheit 1 gong i året.

Med omsyn til lav gjennomføringsgrad i 2021 og opplevd unødige meirarbeid knytt til rapporteringar hos nokre av deltakarane våre, vil personvernomboda i 2022 vere meir fleksible knytt til tidspunkt for rapportering, og kome i møte dei deltakarane som ikkje ønsker å rapportere.

Personvernomboda vil halde fram den tidlegare praksisen med rapporteringar til deltakarane sine rådmenn i årsrapport 1 gong i året.

## Ekstern kompetanseheving

For å innfri personvernforordningens krav om at personvernomboda skal bidra til haldningsskapande opplæring og bevisstgjerung, inngjekk IKAMR ein avtale med Junglemap om opplæring i personvern til alle tilsette hos oppdragsgivarar som IKAMR leverer personvernombodtenesta til i 2021. Junglemapkonseptet er bevisstgjerung i form av korte nanolæringsleksjonar. Opplæringa vart tilbydd alle oppdragsgivarane utan ekstra kostnad frå mai 2021, og vart godt tatt imot av tilsette i kommunane. Tenesta blir derfor vidareført som eit tilbod i 2022.

Kurs 1 personvern - Leksjon om personvern på arbeidsplassen

Hei!

Det er klart for en ny leksjon i personvern. Denne gangen er temaet **personvern på arbeidsplassen**.

Vennlig hilsen  
Personvernombudene

Har du spørsmål eller tilbakemelding på denne leksjonen, kan du nå oss på [personvernombud@ikamr.no](mailto:personvernombud@ikamr.no).



## Intern kompetanseheving

Rolla som personvernombod stiller krav om djupnekunnskap om personvernregelverket og personvernombodet skal givast tilgang til ressursar for å oppretthalde og auke kunnskapane sine på personvernfeltet.

Gjennom 2021 har omboda deltatt på fleire kompetansehevande tiltak. To av personvernomboda har mellom anna hatt abonnementet JUS Digital gjennom Juristenes Utdanningscenter, samt at det i november 2021 vart gjennomført kurs gjennom KiNS i sikkerheitshendingar og handtering av digitale bevis. Personvernomboda deltok også på markering av personverndagen 2021 i regi av Datatilsynet og Teknologirådet, samt deltok to av personvernomboda fysisk på KiNS-konferansen 2021. Tema for årets konferanse var digital sikkerheit og beredskap som ein del av kommunane si styring av verksemda.

Personvernomboda har deltatt i ulike nettverk, mellom anna nasjonalt nettverk for personvernombod i kommunane og fylkeskommunane, Foreningen Personvernombudene, og JUC-nettverket for



personvern. Nettverksmøta har bidratt til kompetanseheving i form av foredrag og innlegg, webinar og aktiv diskusjon.

Opplæringa har med nokre få unntak vorte gjennomført digitalt. Det er venteleg at også ein del av den opplærande kursdeltakinga i 2022 vil vere digital. Med omsyn til oppheva restriksjonar knytt til pandemien og læringsutbytte, ønsker personvernomboda meir fysisk deltaking i opplærande verksemd i 2022.

## Utviding av drift

Hausten 2021 har det gått med noko ressursar til arbeidet med å tilby tenesta personvernombod til «Sjustjerna»-kommunane og Sula kommune. Føremåla bak arbeidet med dette, var å styrke tenesta ved å auke ressurstilgangen for deltakarane, auke eksternt og internt samarbeid, auke moglegheiter for kompetanseheving, samt å legge til rette for vidareutvikling.

## 4. SYNFARINGAR, KONFERANSAR OG ANNA

### 4.1 Synfaringar

IKAMR har vore på ei eller fleire synfaringar/kommunebesøk hos følgande i 2021:

- Fræna vidaregåande skole
- Fjord kommune
- Vanylven kommune
- Giske kommune
- Ålesund kommune (tidlegare Haram kommune)
- Stranda kommune
- Ulstein kommune
- Vestnes kommune
- Molde kommune
- Surnadal kommune
- Sula kommune
- Aukra kommune
- Rauma kommune
- Hustadvika kommune
- Ørsta kommune
- Volda kommune (Hornindal)
- Sunndal kommune
- Sande kommune

### 4.2 Kontaktkonferansen 2021

Grunna koronapandemien vart kontaktkonferansen som var planlagt arrangert i Kristiansund utsett til 2022.

### 4.3 Deltaking på kurs/konferansar

- Den årlege kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) vart i 2021 gjennomført i Trondheim.
- Deltaking på forvaltningsforum – Arkivverket.
- Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv.
- Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta.
- Tillitsvalde har delteke på kurs i regi av Forskerforbundet.

#### 4.4 Samarbeid

IKAMR er representert i samarbeidsrådet til Digitalarkivet og Jan Aakvik er med i Nasjonalbiblioteket sitt rådgivande utval for kulturarvdigitalisering.

#### 4.5 Arkheion

Arkheion er eit fagtidsskrift for kommunal arkivsektor i Noreg. IKAMR er ein av 21 medeigarar. Alle Arkheions medeigarar distribuerer bladet til sine eigarar, kommunar og fylkeskommunar. Det er to utgåver i året. Tidsskriftet finn du her: <http://www.arkheion.no/>

#### 4.6 Nettside

IKA Møre og Romsdal publiserer informasjon via nettsida [www.ikamr.no](http://www.ikamr.no). I 2021 starta vi eiga Facebook-side. Youtube vart også nytta ved høve.

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling